



Fellesnemnda

## Saksframlegg

---

Sakshandsamar: Jarle Aarvoll  
Arkivsaksnr.: 17/2049-4

---

Arkiv:

### **Nedsetjing av arbeidsgruppe som skal kome med forslag til godtgjerslereglement for Fellesnemnda og arbeidsgrupper m.m. under Fellesnemnda**

#### **\* Tilråding:**

Fellesnemnda set ned ei arbeidsgruppe med inntil 5 medlemmer for å gjennomgå reglementa i Balestrand, Leikanger og Sogndal.

Arbeidsgruppa skal legg fram forslag til godtgjersle for medlemmer i Fellesnemnda og arbeidsgrupper. Dette inneber møtegodtgjersle og tappt arbeidsinntekt.

#### **Vedlegg:**

1. [Reglement for politisk organ – Sogndal kommune](#)
2. [Reglement for godtgjersle – Leikanger kommune](#)
3. Godtgjersle til folkevalde - Balestrand kommune

#### **Saksutgreiing:**

I notatet om Fellesnemnda for BLS kommunen heiter det:

##### Politiske arbeidsgrupper

Det vil bli etablert fleire politiske arbeidsgrupper for å førebu saker som skal vedtakast i Fellesnemnda. Dette vil sikre brei politisk deltaking i skipinga av den nye kommunen.

Fellesnemnda nemner opp og gjev mandat til dei politiske arbeidsgruppene. Det kan bli oppnemnd politiske arbeidsgrupper, til dømes innanfor følgjande tema:

- Planstrategi.
- Førebu første kommuneplan.
- Politisk organisering og reglement for politiske organ (inkl. godtgjerslereglement).
- Kommunevåpen og ordførarkjede.
- Metodar og verkemiddel for å sikre brei politisk deltaking.
- Rammer for det partipolitiske arbeidet (økonomisk støtte, tilrettelegging for partipolitisk arbeid, organisering).
- Medlemmar i dei politiske arbeidsgruppene er kommunestyrerepresentantar i dei tre kommunane.

Saka har blitt drøfta mellom ordførarane og me har kome til at det bør setjast ned ei arbeidsgruppe som drøftar og kjem med framlegg om godtgjersle for deltaking i Fellesnemnda og arbeidsgrupper under Fellesnemnda.